

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF04.02.2009, 08:30 - 15:00
Møtestad: Haukeland Universitetssjukehus/Hotell Neptun, Bergen

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen
Leiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Helge Espelid
Medlem

Gisle Handeland
Medlem

Gunnar Berge
Medlem

Torill Selsvold Nyborg
Medlem

Inger Hamborg
Medlem

Aslaug Husa
medlem

Gerd Dvergsdal
Medlem

Ohene Aboagye
Medlem

Gro Skartveit
Medlem

Nils P. Støiva
Medlem

Eli Moldeklev
Medlem

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne

Fagdirektør Odd Søreide

Økonomidirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Konstituert eigardirektør Ivar Eriksen

Torunn Nilsen referent

Internrevisor Bjørn Tungland

Saker:

001/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
002/09 B	Godkjenning av protokoll frå styremøtet 11. desember 2008
003/09 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte 12. desember 2008
004/09 B	Protokoll frå telefonstyremøte i Helse Vest RHF 19. desember 2008
005/09 B	Administrerende direktør si orientering 04.02.2009
006/09 B	Rapportering frå verksemda per 30. november 2008
007/09 B	Justert resultatkrav til helseføretaka for 2008
008/09 B	Oppdragsdokument 2009 Helse Vest RHF
009/09 B	Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 27. januar 2009
010/09 B	Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest
011/09 B	Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren
012/09 B	Høyring - Tilgong til behandlingsretta helseregister på tvers av verksemdsgrenser og etablering av verksemdsovergrepande behandlingsretta helseregister
013/09 B	Møteplan for 2009 - justering
014/09 B	Internrevisjonsprosjektet - Måloppnåing og styring i psykisk helsevern for barn og unge
015/09 O	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 10.12.08
016/09 B	Eventuelt

Synfaring på aktuelle byggeprosjekt i Helse Bergen HF og orientering om utbyggingsplanar i Helse Bergen HF

Styremøtet starta med synfaring på Haukeland Universitetssjukehus, Parkbygget og orientering om aktuelle utbyggingsplanar i Helse Bergen HF ved administrerende direktør Stener Kvinnsland.

001/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Gerd Dvergsdal meldte forfall frå kl 1300, og blei permittert frå møtet etter administrerende direktør si orientering.

Til sak 009/09 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 27 januar 2009:

Styreleiar orienterte om at protokollen er sendt frå departementet per post for signering i går den 3.2.09. Protokollen er ikkje formelt godkjent før den er signert av styreleiar og statsråd. Det er i styremøtet delt ut ein usignert kopi av protokollen frå føretaksmøtet. Styresaka utgår frå møtet i dag, då vedtak ikkje kan fattast før signert versjon av protokoll ligg føre. Styresaka vil bli lagt fram på neste styremøte i mars.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Sak 007/09 Fordeling av omstillingsmidler bevilget i ST. PRP. NR. 13 (2008-09) Endringer i statsbudsjettet for 2008 - Helse Vest styresak 007/09 B

Sak 009/09 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF – usignert versjon

Eventuelt:

Det var ikkje meldt saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

002/09 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 11. desember 2008

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 11. desember 2008.

003/09 B Godkjenning av protokoll frå styremøtet 12. desember 2008

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 12. desember 2008.

004/09 B Protokoll frå telefonstyremøte i Helse Vest RHF 19. desember 2008

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå telefonstyremøte 19. desember 2008.

005/09 B Administrerande direktør si orientering

1. Korridorpasientar – Sandviken

I desember 2008 og fram til 9. januar har det vore ein korridorpasient per døgn ved Sandviken. Dei 2 siste vekene har det vore 2 korridorpasientar per døgn. Det har vore problem knytt til reetablering av bufferkapasitet. Oppfølging tilsvarande det ein etablerte for Sandviken i perioden september 2007 til april 2008, med dagleg rapportering til Helse Vest og møte kvar veke er reetablert. Styret presiserte at det ikkje skal vere korridorpasientar ved Sandviken og at vidare tiltak må følgjast tett opp. Styret ønskjer fortløpande orientering om situasjonen.

2. Korridorpasientar – Helse Stavanger HF

Talet på korridorpasientar i Helse Stavanger HF har auka igjen og ligg på om lag 30 pasientar på korridor per døgn. Det er ein liten auke i bruk av pasienthotellet, men alt for lite.

Tilsynet følgjet situasjonen tett. Styret i Helse Stavanger HF har i ekstraordinært styremøte oppretta 30 nye senger.

Etablert prosjekt med mål om å auke bruken av pasienthotellet nærmar seg slutt. Styret ba om å få framlagt rapporten samt ei grundig orientering pasienthotellet i Stavanger.

Styret viste til vedtak i sak 085/08 B Korridorpasientar i Helse Stavanger HF pkt 4, og ba om vedvarande tett oppfølging frå Helse Vest si side i samsvar med vedtaket. Styret ønskjer fortløpande orientering om situasjonen.

3. Nevrokirurgi i Helse Vest

Helse Bergen HF har til no følgt opp dei rapporteringsrutinane som er vedtekne og desse syner at det er sikra god vaktdekning i Stavanger ut mai 2009. Vidare arbeider ein med å sikre ei nærare fagleg integrering og betre samarbeid mellom dei to avdelingane. Dette arbeidet går framleis seinare enn ønskeleg.

4. Budsjett 2009 – prosess

Administrasjonen viste til utsendt notat. Styret gav sin tilslutning til tiltaka i notatet.

Styret presiserte at stram styring og tett oppfølging av HF-a er naudsynt for å sikre god økonomistyring og realistisk budsjettering i helseføretaka.

Kravet til helseføretaka om å levere resultat i samsvar med dei økonomiske rammer som er sett er absolutt. Styret vil følgje situasjonen tett for å sikre at HF-a leverer på dei økonomiske krava i 2009.

5. Vestlandskonferansen 2009

Utkast til program for konferansen blei presentert i møtet. Styret gjev sine innspel til programmet innan ei veke. Endeleg program og dato for konferansen blir distribuert til styret så snart det er klart.

6. Resultatnotat 2009

Administrasjonen viste til utsendt notat. Notatet gjev ein kort oppsummering av oppnådde resultat i 2009.

7. Etablering av AMU i Helse Vest RHF

Administrasjonen orienterte om at det vil bli etablert AMU i Helse Vest RHF.

8. Resultat av omdømmemåling

Administrasjonen presenterte resultat frå omdømmemåling. Målinga er gjennomført blant beslutningstakarar, og har ein svarprosent på 44%. Tilsvarende måling blei gjennomført i 2004 og 2007 og målinga blir gjennomført i alle RHF.

Målinga viser ei klar betring på dei fleste områda samanlikna med resultatata frå 2004 og 2007.

For RHF-et er det ei positiv utvikling på alle indikatorane – utanom to (kjennskap og korridorpasientar).

For HF-a er det ei positiv utvikling på alle indikatorane.

Det er svært ulik tilbakemelding frå dei ulike respondentgruppene men det samla inntrykket er at sjukehusa/institusjonane i helseregionen leverer helsetenester av høg kvalitet.

9. Arbeidsintensive investerings- og vedlikeholdstiltak i 2009 – regjeringa si tiltakspakke

Med bakgrunn i Regjeringa si tiltaksspakke for å motvirke finanskrisa er, vil Helse Vest få tildelt 188 mill kr. til arbeidsintensive investerings- og vedlikeholdstiltak i 2009. . Tiltaka skal vere knytt til utbygging og vedlikehald og skal ha ein omfattande sysselsettingseffekt. Det er innsendt oppdatert dokumentasjon til HOD..

Det er meldt inn prosjekt frå helseføretaka og private ideelle institusjonar med ein samla kostnad på 1,6 mrd. kr. Etter ei grovsortering har dei mest aktuelle tiltaka ei samla kostnad på 508 mill. kr. Hovudtyngda av innmelde prosjekt frå HF er rehabiliterings- og vedlikehaldsprosjekt. Styresak med forslag til prioritering vil bli sendt ut i løpet av kort tid. Det vil bli telefonstyremøte før styremøte i mars så snart saka er klar.

10. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

11. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

12. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

006/09 B Rapportering frå verksemda pr 30. november 2008

Kommentarar:

Aktivitet:

Den akkumulerte somatiske aktiviteten målt i talet på produserte DRG-poeng var 1,0 % høgare ved utgangen av november 2008 enn den var i november 2007. Gjennom heile 2008 er det berre Helse Bergen av dei fire helseføretaka som har hatt ein høgare DRG-produksjon enn i 2007.

Per november 2008 var aktivitetsnivået innan somatisk poliklinisk behandling 3,1 % høgare enn året før. Alle dei fire HF-a viser ein vekst i aktiviteten så langt i 2008.

Ventetid:

Den gjennomsnittlege ventetida for alle ventande var 132 dagar innan somatikken ved utgangen av november 2008. Dette er tilnærma same ventetid som i oktober 2008, men heile 40 dagar meir enn ved utgangen av same månad i 2007. Alle dei fire HF-a har ei høgare gjennomsnittleg ventetid i november 2008 samanlikna med november 2007.

Epikrise:

Per november 2008 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar tilnærma lik innan psykisk helsevern og somatikk, med høvesvis 69 % og 70 %. Generelt sett har epikrisetidene halde seg relativt stabile gjennom heile 2008, både innan psykisk helsevern og innan somatikken.

Økonomi:

Samla prognoseavvik for året har auka med kr 76,8 mill etter at fleire av føretaka har justert sine prognoser i negativ retning. Estimert realisering av omstillingstiltaka for året er redusert frå 73 % i oktober til 70 % i november. Det er i omgrupperingsproposisjonen (St. prp. nr 13 2008) føreslått å auke basisramma til RHF-a med til saman kr 500 mill. Av dette får Helse

Vest kr 93,6 mill. Inntekta er ikkje innarbeid i rapporteringa frå helseføretaka. Det er tatt høgde for desse midlane ved rapportering av prognose for året. Løyvinga bidreg til ein betre likviditetssituasjon framover.

4.2 Resultat

	November			Hittil pr. november		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	-780	-863	83	10 477	6 106	4 371
Helse Bergen	-23 136	10 065	-33 201	-204 259	-25 723	-178 536
Helse Fonna	-12 584	-1 725	-10 859	-46 052	-13 531	-32 521
Helse Førde	-18 447	-139	-18 308	-108 133	-38 343	-69 790
Helse Stavanger	-19 657	-2 546	-17 111	-84 547	-69	-84 478
Kjøp av helsetenester	8 393	1 789	6 604	68 609	31 082	37 527
Administrasjonen	-3 396	-353	-3 043	1 347	-398	1 745
Helse Vest IKT	1 178	-844	2 022	3 327	1 063	2 264
Sum	-68 429	5 384	-73 813	-359 231	-39 813	-319 418
Reserve			6 998			76 384
Korrigert resultat			-66 815			-243 034

Akkumulert resultat pr november er kr – 319,4 mill. dårlegare enn budsjettert. Helse Bergen og Helse Stavanger har dei største avvika. Helse Vest RHF har ein avsetning til reserve i rekneskapen, jf. korreksjonslinja i tabellen ovanfor. Resultat korrigert for avsetning til reserve utgjer eit negativt avvik på kr – 243 mill pr november.

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	9 000	0	9 000
Helse Bergen	-246 009	-46 530	-199 479
Helse Fonna	-49 928	-16 665	-33 263
Helse Førde	-120 442	-51 877	-68 565
Helse Stavanger	-113 000	-28 692	-84 308
Kjøp av helsetenester (estimat)	118 230	33 586	84 644
Administrasjonen	-730	-730	0
Helse Vest IKT	4 268	-732	5 000
Sum	-398 611	-111 640	-286 971
Reserve	83 979		83 979
Omgrupperingsproposisjon	93 600		93 600
Korrigert resultat	-221 032	-111 640	-109 392

Helseføretaka har auka sine prognoser for budsjettavvik med til saman kr 76,8 mill sida rapporteringa pr oktober. Under kjøp av helsetenester vert det rapportert eit positivt avvik på kr 84,6 mill. Når ein tar høgde for reserven og ekstra løyvinga i St. prp. nr 13 2008 (omgrupperingsproposisjon) viser prognosen eit negativt avvik på minus kr 109,4 mill.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for månadene oktober, november og desember føreligg no. Ved utgangen av desember 2008 var det totale sjukefråværet 7,7%.

For månadene oktober, november og desember 2008 var det 43,9%, 39,1% og 45,2% % av einingane som hadde eit sjukefråvær på 4,5% eller lågare.

Tal tilsette per november var 28.092.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16.560 for desember 2008, ein auke på 404 frå september og ut året.

Omdømme:

Etter fleire månader med ein auke i tiltrua til tenesta, fekk vi i november ein tilbakegang frå 81 til 77 prosent. I desember derimot går tiltrua opp igjen til 80 prosent.

Styret var svært uroa over den negative resultatutviklinga i helseføretaka. Styret presiserte at det skal gjennomførast ein grundig gjennomgang og kvalitetssikring av HF-a sine budsjett for 2009, for å sikre at budsjetta tek høgde for risiko og er i samsvar med økonomisk bæreevne i 2009.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 30. november 2008 til etterretning.
2. Styret i Helse Vest vil og understreke at mangelen på forutsigbarheit og stabilitet i forventna årsprognose for det økonomiske resultatet, gjer det svært krevjande for RHF-styret å rapportere korrekt til Helse- og omsorgsdepartementet. Frå og med 2009 må arbeidet med prognose ha ein langt betre forankring og betre forutsigbarheit.
3. Styret i Helse Vest RHF ser at HF-a igjen slit med å levere økonomisk resultat i tråd med vedteke budsjett, spesielt for dei siste månadene av året. Dette medfører at helseregion Vest heller ikkje dette året når kravet frå HOD om balanse.
Styret i Helse Vest understrekar at dette er ein situasjon som ikkje kan vedvare. I 2009 og 2010 får regionen tilført totalt 600 millionar kroner i ekstraløyving grunna tidlegare skeivfordeling.
Kravet om økonomisk balanse i 2009 er absolutt.

007/09 B Justert resultatkrav til helseføretaka for 2008

Kommentarar:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 4/6-2008 sak 059/08 B Revidert budsjett 2008 og justert resultatkrav 2008.

I budsjettet til Helse Vest RHF er det innarbeida ein reserve på kr 83,979 mill. Reserven kan no førast tilbake og vil i utgangspunktet gje RHF-et eit tilsvarande positivt budsjettavvik. Administrerande direktør vil her føreslå at dette resultatavviket blir flytta ut i helseføretaka sine rekneskap ved å justere resultatkravet.

For å lette omstillingsutfordringa samt å styrke likviditeten i dei regionale helseføretaka har Stortinget vedtatt å auke basisramma til Helse Vest med kr 93,6 mill. Det blir her vist til St.prp. nr. 13 (2008) – omgrupperingsproposisjon. Administrerande direktør vil føreslå at midla blir verande att i RHF-et men at resultatkravet i HF-a blir justert tilsvarande.

Vedtak (samrøystes):

Justert resultatkrav 2008 blei fastsett som følgjer:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Justert resultatkrav 2008	-79 574	-45 446	-121 804	-74 369	5 070	-54	204 177	-112 000

008/09 B Oppdragsdokument 2009 Helse Vest RHF

Kommentarar:

Ved e-post av 8. januar 2009 har Helse- og omsorgsdepartementet oversendt oppdragsdokumentet for 2009 til Helse Vest RHF.

Helse- og omsorgsdepartementet stiller gjennom oppdragsdokumentet dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2009, til disposisjon for det regionale helseføretaket. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrav innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til disposisjon i dokumentet. Det overordna målet er eit likeverdig tilbod av helsetenester, uavhengig av eigen økonomi, sosial status, alder, kjønn og etnisk bakgrunn.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Styringskrava i oppdragsdokumentet er formulert som styringsvariablar og tiltak for oppfølging.

Styret vil på tertialvis rapportering på oppdragsdokument og føretaksprotokoll i 2009.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek oppdragsdokumentet for 2009 til Helse Vest RHF til etterretning

009/09 B Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 27. januar 2009

Kommentarar:

Protokollen er sendt frå departementet per post for signering i går den 3.2.09. Protokollen er ikkje formelt godkjent før den er signert av styreleiar og statsråd. Behandling av styresaka blir utsett, då vedtak ikkje kan fattast før signert versjon av protokoll ligg føre.

Vedtak (samrøystes):

Saka vart utsett til styremøte 4. mars 2009.

010/09 B Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Kommentarar:

I styresak 122/08 B Risikostyring i Helse Vest – status og rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet blei det gjort greie for gjennomføringa og resultata av risikovurderinga som blei gjennomført i føretaksgruppa hausten 2008. I tillegg blei det kort gjort greie for prosjektet Risikostyring i Helse Vest, som har hatt som mandat å utarbeide eit system for risikostyring i føretaksgruppa. Administrerande direktør legg med denne saka fram retningslinjene for risikostyring i Helse Vest som dette prosjektet har arbeida fram.

Prosjektet Risikostyring i Helse Vest har vore organisert med direktørmøtet i Helse Vest - med tillegg av ein representant frå dei konserntillitsvalde - som styringsgruppe for prosjektet. Administrerande direktør i Helse Vest RHF har vore prosjekteigar.

Det har vore etablert ei prosjektgruppe som har utarbeidd retningslinjer for risikostyring i Helse Vest med malar for gjennomføring og rapportering. Retningslinjene med vedlegg blei godkjende av styringsgruppa for prosjektet på direktørmøtet i Helse Vest den 12.1.09.

I retningslinjene for risikostyring blir det stilt krav om at det i kvart helseføretak skal peikast ut personar som skal inneha rolla som risikokoordinatorar. Rolla som risikokoordinator er ikkje tenkt å utgjere ei eiga stilling, men er ein funksjon som skal støtte leiargruppa og bidra til at risikostyringa blir koordinert og oppdatert.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til dei framlagte retningslinjene for risikostyring i Helse Vest.

011/09 O Handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i helsektoren

Kommentarar:

Regjeringa har frå 2007 sett i verk ei satsing på innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren. Målet med satsinga er norsk verdiskaping. Auka kvalitet og effektivitet i dagens og morgondagens helse- og omsorgstenester krev forskning og innovasjon. Behovet for innovasjon er knytt både til nye teknologiske løysingar og ikkje minst nye organisatoriske løysingar. Sjølv om organisatoriske løysingar ikkje har like stort næringsutviklingspotensial kan det likevel gje store gevinstar for helse- og omsorgssektoren.

Helsedirektoratet har lagt følgjande definisjon til grunn for innovasjon:

"En innovasjon i helsesektoren er en ny eller forbedret vare, tjeneste, produksjonsprosess eller organisasjonsform som er tatt i bruk i helsesektoren".

I 2008 vart det inngått avtale om samarbeid om behovsdriven innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren mellom Helsedirektoratet, dei regionale helseføretaka, Forskningsrådet og Innovasjon Norge. Hovudmålet med samarbeidet er å konkretisere og operasjonalisere den femårige satsinga på behovsdriven innovasjon og næringsutvikling. Samarbeidsavtalen skal bidra til å auke innovasjonstakten betydeleg og utnytte dei offentlege ressursane knytt til innovasjon og næringsutvikling best mogleg.

Helse og Omsorgsdepartementet har i oppdragsdokumenta gitt dei regionale helseføretaka i oppdrag å følgje opp satsinga. I bestillinga frå HOD for 2008 heiter det:

"RHFene skal bidra i arbeidet med å implementere nasjonal satsing på behovsdrevet innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren (2007-2011) med særskilt fokus på IKT og medisinskteknisk utstyr i samarbeid med InnoMed, Norges Forskningsråd og Innovasjon Norge. De regionale helseforetakene skal bidra til å øke antallet forsknings- og utviklingskontrakter mellom leverandørbedrifter og helseforetak (OFU-kontrakter) innenfor helse gjennom å stille nødvendige ressurser i form av kompetanse til disposisjon."

På basis av dette har RHF-a laga ein felles handlingsplan for innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren. Planen er godkjent i RHF AD-møtet.

Styret ønskte å komme tilbake til tema innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren i eit styreseminar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

012/09 B Høyring - Tilgong til behandlingsretta helseregister på tvers av verksemdsgrenser og etablering av verksemdsovergripande behandlingsretta helseregister

Kommentarar:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag til lov om endringar i lov 18. mai 2001 nr 24 om helseregister og behandling av helseopplysningar (helseregisterlova), forslag til lov om endring i lov 2. juli 1999 nr 64 om helsepersonell mv (helsepersonellova) og forslag til forskrift om informasjonstryggleik og tilgong til helseopplysningar i behandlingsretta helseregister.

Formålet med lovforslaga er å fjerne regleverksmessige hindre for effektiv og trygg kommunikasjon av pasientopplysningar i helsetenesta. Regelverket skal understøtte kvalitet på pasientbehandling, samtidig som man ivaretek personvernet og pasientane sine rettar.

Forslaget kan delast i fire hovuddelar:

- Heimel til å fastsette forskrift om informasjonstryggleik og tilgong til helseopplysningar i behandlingsretta helseregister, samt forslag til slik forskrift.
- Oppretting av regionale og lokale verksemdsovergripande behandlingsretta helseregister blir heimla i helseregisterlova.
- Oppretting av felles behandlingsretta helseregister for helsepersonell med formalisert arbeidsfellesskap blir heimla i helseregisterlova.
- Helsepersonellova § 45 blir endra slik at dagens praktisering av føreseigna blir regelfesta.

Høyringsfristen var satt til 12. januar 2009, og Helse Vest har administrativt oversendt høyringsuttale innan fristen. I oversendinga til Helse- og omsorgsdepartementet er det sagt at høyringsuttalen vil bli lagt fram for styret i Helse Vest RHF i styremøtet 4. februar 2009 og at eventuelle tilleggsmerknadar vil bli ettersendt.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest RHF gir høyringsuttale til forslag til endringar i helseregisterlova, forslag til endring i helsepersonellova og forslag til forskrift om informasjonstryggleik og tilgong til helseopplysningar i behandlingsretta helseregister, i tråd med vedlegg 1 til saka, brev dagsett 120109 til Helse- og omsorgsdepartementet.

013/09 B Møteplan for 2009 - justering

Kommentarar:

Møteplan for styret i Helse Vest RHF vart vedteken i styremøte i oktober 2008, sak 095/08 B. I styreseminaret i desember gav både styret og HF-a tilbakemeldingar om behovet for eit tettare samarbeid og dialog mellom RHF-styret og HF-styra, særleg med sikte på å felles strategi for føretaksgruppa og å nå dei økonomiske måla som er sett.

Det er difor lagt inn fellesmøte mellom RHF-styret og styret i kvart enkelt HF ein gang i året i tillegg til styreseminar i mars og juni.

Det er og lagt inn ein studietur til Danmark i april, der styreleiar og AD i helseføretaka deltek i tillegg til RHF-styret.

I forhold til opphavleg møteplan er fellesmøte med Helse Bergen HF flytta frå februar til 24.juni. Møtet 24. juni er difor flytta frå Stavanger til Bergen.
Møtet 14. oktober er flytta frå Bergen til Stavanger.
Fellesmøte med styret i Helse Stavanger HF er flytta frå desember til 3. juni og fellesmøte med regionalt brukarutval er flytta frå juni til 2. desember.
Nokre av presentasjonane er flytta for å samordne med fellesmøte og møtestad.
Styremøtet 1. april blir lagt til Danmark i samband med studietur og 2. april er lagt til som ein ekstra dag i forbindelse med studieturen.

Intensjonen med studieturen til Danmark er å studere erfaringane med den danske helsereforma, med særleg fokus på økonomistyring og kontroll, handtering av drivarar, samt sjå på korleis samhandling mellom region og kommune fungerer i den nye modellen. Ein vil få vurdert sterke og svake sider ved den danske modellen, både med nasjonalt, regionalt og i sjukehusperspektiv. Studieturen er tenkt som ein moglegheit til å hente inspirasjon og gode idear og løysingar til eigen verksemd.

I oktober kolliderar møtet med fylkesting i Hordaland og Sogn og Fjordane. Administrasjonen avklarar om det er mogleg å flytte møtet til 15. oktober.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjende justert møteplan for 2009
2. Styret i Helse Vest ber styra i helseføretaka om å innarbeide fellesmøte og aktivitetar som går fram av justert møteplan for 2009 i sine møteplanar.

014/09 B Internrevisjonsprosjektet - Måloppnåing og styring i psykisk helsevern for barn og unge

Kommentarar:

Internrevisjonen la med dette fram rapport frå prosjektet **Måloppnåing og styring i psykisk helsevern for barn og unge**

Prosjektet er gjennomført i perioden juni – november 2008, og resultata er presentert i rapportar for kvart av dei fire sjukehusføretaka.

Kartlegginga er basert på data som er samla inn gjennom dokumentanalyse, intervju og data frå helseføretaka, samt offentleg tilgjengeleg statistikk.

Bakgrunnen for arbeidet var følgjande: Etter at opptrappingsplanen for psykisk helse er avslutta, korleis er status for sektoren og er regionen i stand til å levere i samsvar med dei nye statlege garantiane?

Arbeidet har vore fokusert på poliklinisk aktivitet, fordi 98 % av behandlinga skjer poliklinisk. Det er store forskjellar mellom føretaka og innanfor føretaka, dvs mellom poliklinikkane eller BUPane.

Internrevisjonen rår til at ein og ser grundig på psykisk helsevern for barn og unge ved dette høvet.

I alle føretak og i alle BUPane opplever ein store utfordringar med å rekruttera fagfolk, nokre BUPar har større problem enn andre. Det er særleg barne- og ungdomspsykiatrar, som er vanskeleg å rekruttera. Det bør derfor setjast i gang eit prosjekt med sikte på å letta dette problemet.

Det er store forskjellar mellom BUPar langs fleire dimensjonar, som nemnt når det gjeld produksjon og produktivitet, men også ved vurdering av ev inntak. Det er betydelege forskjellar når det gjeld prosentdel av tilviste pasientar som blir tildelt rett til nødvendig helsehjelp.

Når det gjeld talet på behandla pasientar per årsverk er det ein dramatisk nedgang særleg i Helse Stavanger.

Internrevisor vil tilrå tettare oppfølging av BUPane også for å sikre meir lik behandling mellom BUPar og føretak.

Etter forslag frå styreleiar fatta styret følgjande samrøystes vedtak:

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapport **Måloppnåing og styring i psykisk helsevern for barn og unge** til orientering.
2. Styret i Helse Vest RHF ser alvorleg på situasjonen slik den går fram av rapporten og ber om at det blir lagt fram ein prioritert tiltaksliste for å rette opp dei forholda som er omtala i rapporten, med framdriftsplan for implementering/gjennomføring av tiltaka.

015/09 B Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 10.12.08

Kommentarar:

Revisjonskomiteen hadde møte i Stavanger den 10.12.2008.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i Revisjonskomiteen 10.12.2008 til orientering.

016/09 B Eventuelt

Kommentarar:

Ingen saker vart behandla under eventuelt

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Kopi av brev frå Arbeidstilsynet til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 12.01.09 "Vedtak om pålegg – God Vakt! Stavanger Universitetssjukehus – Helse Stavanger HF"
- Kopi av brev frå Arbeidstilsynet til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 12.12.08 "Tilsynsrapport – Varsel om pålegg God Vakt! Stavanger Universitetssjukehus – tilsyn i perioden 02.09 -16.10.08"
- Kopi av brev frå Arbeidstilsynet til Helse Førde HF, dagsett 16.12.08 "Tilsynsrapport - God vakt!"
- Brev frå Helse Bergen HF til Helse Vest RHF, dagsett 16.12.08 "Barne og ungdomssenteret"
- Protokoll frå møtet i Det regionale brukarutvalet 8. desember 2008
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 16.01.09 "Overbelegg ved Stavanger Universitetssjukehus – ber om ytterligere opplysninger"

- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 18.12.08
"Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Nevroklinikken, Spinalleininga 25. – 28. november 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 5.01.09
"Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Kirurgisk serviceklinikk, Intensivmedisinsk seksjon og Postoperativ seksjon 25. – 28. november 2008"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, dagsett 5.01.09,
"Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Hjarteavdelinga, Medisinsk intensiv og overvaking 25. – 28. november 2008"

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Fordeling av omstillingsmidler bevilget i ST. PRP. NR. 13 (2008-09) Endringer i statsbudsjettet for 2008 - Helse Vest styresak 007/09 B

Kommentarar til skriv og meldingar:

- **Protokoll frå møtet i Det regionale brukarutvalet 8. desember 2008**
Leiar av regionalt brukarutval, Jostein Edvin Melheim kommenterte spørsmål frå styret knytt til referatet. Styret ønskjer å legge til rette for ein tett dialog med brukarutvalet.

Kommentarar til skriv og meldingar i lukka møte (Off. I § 13):

- Styret kommenterte og gav innspel til vidare handtering av Helsetilsynet i Rogaland sitt brev til Jæren DPS, dagsett 23.12.08. i lukka møte. Administrasjonen følgjer opp innspel gitt i møtet.

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 4. februar 2009

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Eli Moldeklev

:

Aslaug Husa